



--

Arkiv saknr:	2018/3422
Løpenr.:	23137/2018
Arkivkode:	

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne		18/11

Sakshandsamar: Kari Dalen

Høyringsuttale - etablering av Nasjonalt eldre, pasient og brukarombod

Vedlegg:

Dokument i saka:

Bakgrunn:

Regjeringa ynskjer å lyfte ombodsrolla for pasient- og brukarrettar, både når det gjeld innhald og omfang. Dette som eit ledd i regjeringa si satsing på tenestetilbodet til eldre. Målet er å styrke merksemda mot denne gruppa av befolkninga og gje dei ei tydeleg talerør som kan sette tenestetilbodet til eldre på dagsordenen.

Ved oppretting av eit Nasjonalt ombod, ynskjer ein å endre nemninga på ombodet, frå dagens Pasient- og brukarombod til Eldre-, pasient- og brukarombod.

Det er også foreslått å innlemme den offentlege tannhelsetenesta i ordninga.

Høyringsfristen er sett til 02.01.2019.

Vurdering:

Ein kan spørje om det er naudsynt å endre namnet på ombodet for å sikre at eldre sine rettar blir tilstrekkeleg ivareteke. Intensjonen er å sikre eit tydeleg talerør for dei eldre på nasjonalt nivå. Det er positivt, ikkje minst med tanke på eit sterkt aukande tal eldre i åra som kjem.

Det er understreka i høyringsnotatet at sjølv om ein rettast eit særleg fokus mot eldre, skal ikkje dette gå ut over øvrige grupper. Likeverdige behandling uavhengig av alder er viktige prinsipp.

Av høyringsnotatet s. 7 går det fram at omboda allereie i dag har sterkt fokus på dei eldre sine utfordringar.

Dersom intensjonen med oppretting av Nasjonalt ombod og namneendring på eksisterande lokale ombod skal nås slik det er beskrive, er informasjonsspreiing særst viktig, både i høve til befolkninga og offentlege instansar. Dette er avgjerande for at ordninga skal bli brukt slik intensjonen er.

Samordning og koordinering er nykelord for å lukkast med å framstå som eit ombod uavhengig av geografi. Å etablere, og sikre meir forpliktande samarbeid mellom omboda synast difor fornuftig.

Det står i høyringsnotatet på side 9 at ombodas verksemd skal rettast inn slik at dei får meir kjennskap til og kunnskap om tenester. Dette er bra, men kunne vore noko utdjupa i høve til kva for verkemiddel ein ser føre seg å nytte. Ansvar for tenesteutforming er lagt til kommunane og sjølv om kravet til forsvarleg tenester og kvalitet er like, vil det vere skilnader i kva for måte kommunen organiserer sine tenester og tilbod på for å nå desse måla. Ombodets kompetanse må femne alle.

Det er positivt at ein ikkje ynskjer å gjere endring i oppgåvefordeling mellom direktorat og ombod i høve til administrative funksjonar, men vil å vidareføre dagens praksis. Intensjonen må vere at ombodsrolla får tiltenkt plass, og at endringa ikkje medfører unødig byråkratisering.

Det er i høyringsnotatet foreslått å utvide ombodsordninga til også å omfatte tannhelsetenesta. Bakgrunnen er dei prosessuelle forskjellane som blir mellom dei kommunar som deltek i forsøk med ansvar for tannhelsetenesta frå 2020 og fylkeskommunen som er det nivå som har ansvaret i dag. Frå ein pasient- og brukarståstad vil det å ha eit ombod for alle delar av tenestene, inklusive tannhelsetenesta vere ein fordel, uavhengig av kva for forvaltningsnivå som er ansvarleg for tenestene.

Rådmannens framlegg til vedtak:

- 1. Etablering av Nasjonalt eldre-, pasient og brukarombod blir støtta. Føresetnaden er at dei eldre sin situasjon får eit tydeleg talerør på nasjonalt nivå og at rolla ivaretek koordinering av pasient- og brukaromboda i landet slik at desse framstår likeverdige.**
- 2. Innlemming av tannhelsetenesta i ordninga blir støtta.**

Rådmannen, 15.11.18

Jan Myrekrok, rådmann /s/